

# CH 29 Prosjektplan

(4/3 2016 VL)

Vedl. 6 (28)

	2015	2016	2017	2018	2019	
<b>Førebuing</b> Organisering, tileigning, historikk, arbeidslokale, arbeidsplan, rekruttering	Del 1					
<b>Chassis/motor</b> Komplett chassis m/ understell, hjul, motor, styre-/bremsesystem, motorkasse, torpedovegg, dashboard mm.		Del 2				
<b>Karosseri</b> Teikningar, produksjon og bygging av reisverk, platearbeid, vindauge, dører, tak mm.			Del 3			
<b>Klargjering</b> Utstyr, overflatebehandling, ferdigstilling, prøvekøyring, godkjenning				Del 4		
<b>Dugnadsarbeid (timar)</b>		800, dekkjer 2015 og 2016	700	700	400	2600 timar
<b>Kjøp av varer og tenester (kr.)</b>	15300	60.000 - 80.000	100.000-120.000	100.000-120.000	30.000-40.000	305.300-375.300 kr
<b>Kommentarar</b>	rekneskap sjå vedl 7)	kostnadsrekn. inkl (jfr Vedl 8)	anslag, jfr. info.side 2	anslag, jfr. info.side 2	anslag, jfr. inf side 2	<b>Sum</b>

## Kommentar til skjema CH 29 Prosjektplan

(mars 2016 VL)

Dette er eit omfattande restaureringsarbeid. Rutebilen vart funnen i ombygd tilstand og hadde vore langtidslagra. Motor og deler av understellet var i rimeleg god stand. Mellom anna var motorkasse og torpedo, samt delar av førarstaden med eit sete intakt. Fråsett rester av reisverket var karosseriet fjerna.

Det har (enno) ikkje lukkast å finna foto frå den tida han var drift som rutebil. Frå vognkort, registreringsdata, intervju og foto av andre bilar bygd på same tid av same karosseriverkstad har ein likevel rimeleg presis informasjon. Dette let seg òg samanhalda med tilgjengeleg faglitteratur, etter tilvising frå fagfolk, m.a. hjå Riksantikvaren.

Frå starten vart det raskt rekruttert personar med relevant utdanning og omfattande røynsle, både m.h.t. motor/mekanikk som i konstruksjon og bygging av tradisjonelle karosseri. (Sjå oversyn over styre og arbeidsgruppe).

Det kom raskt tilbod om gratis, fullverdig verkstadplass i Lindås med avansert verktøy, og fri tilgang til og produksjon av trevarar til bygging av karosseri.

Fråsett to som enno er i jobb er dugnadsgruppa aktive, arbeidsføre pensjonistar, som kan setja av meir tid enn då dei var i arbeid. Dei fleste kjenner kvarandre frå før.

Av desse grunnane kan ein stor del av arbeidet og ein god del av materialane genererast internt. Det medfører store innsparingar.

Presise tal for utgiftene i prosjektdel 3 og 4 er det enno for tidleg å gje. Kostnadsrammene er her sett opp etter skjøn. Dess meir av arbeidet som kan gjerast på dugnad, dess meir er å spara. Røynsle frå restaureringa av D/S OSTER tilseier at ein stundom òg kan få rabattar og kostnadsfrie leveransar.

Enn så lenge held det med ei enkel administrasjonsform, der styre og arbeidsgruppe jobbar side om side. Ved inngang i del 3 vil prosjektet formaliserast meir med omsyn til økonomi, møteverksemd og informasjon.

Arbeidet går jamt framover, med fast møtedag kvar torsdag, og stundom i tillegg andre. Det vert ført loggbok.